



HANDLINGSPLAN

VED

SJUKDOM OG ULYKKER

BARNEHAGANE

I

SELJORD

Revidert august 2017

Innholdsliste	Sidetal
Innleiing	s. 3
Barnet og barnet sin familie	s. 4 - 11
Når eit barn blir alvorleg skada i barnehagen.	s. 4 - 5
Når eit barn døy. Dødsfallet hender i barnehagen.	s. 6 - 7
Når eit barn døy. Dødsfallet hender i heimemiljøet	s. 8
Når eit barn blir alvorleg sjukt	s. 9
Når eit av barnet sine omsorgspersonar blir alvorleg sjuk.	s. 10
Når mor / far eller sysken døy.	s. 10
Når andre som står barnet nær døy.	s. 11
Personalet	s. 12 - 16
Når ein i personalgruppa blir alvorleg sjuk.	s. 12
Når ein i personalgruppa døy.	s. 13
Når det er alvorleg sjukdom i næraste familie.	s. 14
Når ein i personalgruppa misser ein av sine næraste.	s. 14
Forsikringsordningar	s. 15
Viktige telefonnummer	s. 22
Litteratur – songar - filmar	s. 23
Viktige lenker	s. 24

INNLEIING

Styrrarane må vurdere i kvart enkelt tilfelle kor slavisk ein vil fylgje handlingsplanen.

Sorgreaksjonar hos barna kan også kome ved skilsmissar, flytting, tap av kjæledyr m.m.

Dette dokumentet vert teke opp i personalgruppa kvar haust.

Dokumentet vert gjort kjend for nye tilsette som byrjar i løpet av barnehageåret.

Barnet og barnet sin familie

NÅR EIT BARN BLIR ALVORLEG SKADA I BARNEHAGEN

DEN FØRSTE FASEN

- Personalet yter nødvendig førstehjelp.
- Kontakt straks lege og / eller ambulanse.
- Ein av det faste personalet blir med til sjukehuset.
- Personalet gjer alt for å få tak i foreldra til barnet då det er foreldra som først skal vite at barnet er skada.
- Styrar informerer kommunalsjef.
- Klargjering av ansvarsfordeling i det nokon dreg frå barnehagen.
- Det skal ikkje gjevast ut opplysningar om saka før foreldra er informert.
- Det er tilsette ved sjukehuset som skal gje foreldra opplysningar om barnet sin helsetilstand.
- Viss det er ønskeleg er styrar eller andre frå barnehagen saman med foreldra.
- Avhengig av kor stor skaden er, legg kommunalsjef og styrar ein plan for korleis informasjonen til omverda skal gjevast. Nødvendige tiltak blir sett i verk.
- I akuttfasen må personalet som har opplevd situasjonen og som er igjen i barnehagen, halde seg rolege. Resten av borna i gruppa vil trenge omsorg og støtte.
- Personalet i barnehagen får informasjon og tid til å samtale om hendinga.
- Personalet kan ved behov få hjelp til debriefing eller samtale ved å kontakte kriseteamet i kommunen. Dette blir vurdert av styrar i samråd med kommunalsjef.
- Styrar informerer etter avtale med foreldra til barnet som er skada, andre foreldre og tilsette om det som er hendt snarast råd, og helst same dag.
- Styrarane i dei andre barnehagane i kommunen blir informert.

DEN ANDRE FASEN

- Det bør vere ekstra god bemanning i barnehagen for å ha tid til å møte reaksjonar frå barn, tilsette og foreldre.
- Barna som er i barnehagen, må få tid og høve til å stille spørsmål, prate saman, teikne, dra på besøk m.m.
- Personalet i barnehagen tek kontakt med familien til barnet, dreg på besøk, ringer, sender blommar o.l.
- Ut ifrå kor stor skaden er blir det avtalt vidare oppfølging i samarbeid med foreldre.
- Innkalle til oppfølgingsmøte for personalet der ein arbeider vidare med hendinga, og vurderer årsaka til skaden. Eventuelle utbetringar av fysisk miljø, eller endringar av rutinar, blir gjort straks.
- Internt skademeldingsskjema blir fylt ut og levert kommunalsjef.
- Skademeldingsskjema til forsikringsselskapet blir fylt ut og sendt elektronisk til forsikringsselskapet og levert i kopi til kommunalsjef.
- Kommunen sender årsmelding til forsikringsselskapet.

NÅR EIT BARN DØYR

Dødsfallet hender i barnehagen

DEN FØRSTE FASEN

- Personalet gjev nødvendig førstehjelp straks.
- Kontakt lege og / eller ambulanse.
- Personalet gjer alt dei kan for å få tak i foreldra til barnet.
- Styrar informerer kommunalsjef.
- Ein av dei faste i personalet blir med til sjukehuset.
- Klargjering av ansvarsfordeling når nokon av dei tilsette dreg til sjukehuset.
- Det er tilsette ved sjukehuset som skal gje foreldra informasjon.
- Det er foreldra som fyrst skal vite at barnet er død. **Ingen må gje ut opplysningar om saka før foreldra er informert.**
- Viss det er ønskeleg, er styrar eller andre frå barnehagen saman med foreldra den første dagen.
- Kommunalsjef set i verk tiltak saman med styrar.
- Kommunalsjef tek kontakt med det kommunale kriseteamet.
- I denne første fasen må personalet som har opplevd situasjonen, og som er igjen i barnehagen, prøve å halde seg rolege. Resten av borna i gruppa vil trenge omsorg og støtte.
- Kommunalsjef informerer dei andre styrarane.

DEN ANDRE FASEN

- Viss behov for å styrke bemanninga i den aktuelle barnehagen, kan kommunalsjef sende personale frå andre barnehagar eller skaffe vikarar på andre måtar.
- Foreldra til det døde barnet blir informert om korleis barnehagen har handtera det som har hendt. Dei bør få høve til å gje uttrykk for sine ønske.
- Det er viktig å nå ut med informasjon så snart som råd. Kommunalsjef handterer pressa i samråd med plan for kommunal krisehandtering.
- Styrar og kommunalsjef informerer resten av foreldregruppa i den aktuelle barnehagen om hendinga.
- Kommunen informerer forsikringsselskapet.
- Tilsette frå barnehagen og kommunalsjef tek kontakt med barnet sin familie, dreg på besøk, ringer eller sender blommar.
- Eventuell minnestund blir arrangert i næraste veke der barn, foreldre, personale og eigar er til stades.
- Avklare kven som skal delta i gravferda, og om barnehagen skal stenge.
- Snakk med barna om kva som skjer i ei gravferd.
- Den eller dei vaksne frå barnehagen som er i gravferda, kan etter avtale med presten som forrettar ta med ei blomlehelsing frå barna og personalet i barnehagen.
- Det må vere ekstra god bemanning i barnehagen for å ha tid til å møte reaksjonar frå både barn, tilsette og foreldre.
- Bilete av barnet, ljøs, teikningar, dikt m.m. kan setjast opp på ein samlingsplass i barnehagen.
- Gje tid og rom for samtale i barnegruppa om kva som har hendt.
- Svar ærleg på spørsmål frå barna.
- Besøk gravstaden, og snakk om den døde i tida etterpå.

Det er viktig med oppfølging av både barn og tilsette.

Sorgarbeid tek lang tid, og reaksjonar kan kome lenge etterpå. Personalet må vere observante og lydhøre, og ta tak i moglege reaksjonar.

Dødsfallet hender i heimemiljøet

DEN FØRSTE FASEN

- Dersom styrar får melding om dødsfallet etter at barnehagen er stengt, må styrar vurdere om personalet skal samlast. Alle i personalet må få beskjed om dødsfallet før dei kjem på jobb neste dag.
- Styrar kontaktar familien til barnet så snart som råd.
- I samråd med foreldra til barnet klargjer styrar kva for informasjon som skal ut til resten av foreldregruppa.

DEN ANDRE FASEN

- Styrar klargjer med foreldra til barnet kva dei ønskjer frå barnehagen si side. Styrar informerer om kva barnehagen har planlagt.
- Personalet må observere reaksjonar hos barna over tid.
- Barn kan bli redde for at andre dei kjenner vil døy.
- Syt for at det er størst mogleg vaksentettleik i barnehagen.
- Ver ærleg og direkte utan for detaljerte opplysningar. Ikkje bruk omskrivingar på døden som søvn, reise etc.
- Styrar kallar inn personalet til eit møte der det er tid til å snakke saman.
- Foreldregruppa i barnehagen må informerast om kva barnehagen ønskjer å gjere. Gje foreldra høve til å kome med synspunkt i høve til kor mykje deira barn skal involverast. (eventuelt innkalle til foreldremøte).
- Tenk ut frå barna sin alder i alt sorgarbeid.

Døme på kva personalet kan gjere i samarbeid med foreldra:

- Snakk saman og svar på spørsmål frå barna.
- Gje rom for tekstskaping / dikt / teikne det ein føler.
- Bruke rolege songar / musikk.
- Lag ei bok til dei pårørande med dikt, brev, teikningar.
- Pynt på plassen barnet hadde i garderoben.
- Besøk gravstaden / pynte grava.
- Dei / den vaksne frå barnehagen som er i gravferda kan ta med ei blomehelsing.

NÅR EIT BARN BLIR ALVORLEG SJUK

DEN FØRSTE FASEN

- Foreldra informerer barnehagen om situasjonen.
- Det blir avtalt med foreldra kven i barnehagen som skal ha ulik informasjon; personalet, dei andre barna, dei andre foreldra, og kven som skal gje denne informasjonen.

DEN ANDRE FASEN

- Ein fast vaksen får ansvar for kontakt med barnet og foreldra.
- Avklare med foreldra kva oppfølging dei ønskjer, og informer om kva barnehagen kan gjere.
- Den faste kontaktpersonen må skrive ned viktige avtaler og informasjon til det øvrige personalet.
- Kontaktpersonen ringer foreldra når barnet er borte frå barnehagen over lengre tid.
- Send ei helsing til barnet, t.d. eit kort / brev / teikningar frå barna.
- Vurdere om ein frå personalet skal besøke heimen, ev. dra på besøk på sjukehuset.

NÅR EIT AV BARNET SINE OMSORGSPERSONAR BLIR ALVORLEG SJUK.

- Informasjon blir gitt av den sjuke sjølv, eller av ein av dei næraste.
- Ein fast vaksen har ansvaret for kontakten med barnet og foreldra.
- Barnehagen må i samarbeid med kommunens øvrige hjelpeapparat hjelpe til med å finne løysingar på praktiske problem, som t.d. henting, bringing og barnepass.
- Det er viktig med skriftleg informasjon. Den som har hovudkontakten med barnet / heimen, bør føre dagbok slik at viktige avtaler og informasjon blir teken vare på og er tilgjengeleg for andre.

NÅR MOR, FAR, ELLER SYSKEN DØYR

DEN FØRSTE FASEN

- Informasjon til barnehagen blir gitt av dei pårørande.
- Den av personalet som står barnet / familien nærast, kontaktar heimen til barnet.

DEN ANDRE FASEN

- Dei andre forelda blir informert i samråd med dei pårørande.
- Avklare med familien kva ønskje dei har i høve til barnehagen.
- Det blir avtalt når barnet som er i sorg, skal kome attende til barnehagen.
- Ver ekstra merksam på at barn kan bli redde for å miste ein av sine næraste.
- Barnehagen vurderer om det skal sendast blommar til familien.
- Barnehagen vurderer om ein frå personalet skal dra i gravferda.
- Barnet som har mista ein av sine næraste, må ha ekstra oppfølging frå ein av det faste personalet.
- Vis omsorg for dei andre i familien. Ta initiativ, og snakk ope.
- Ver merksam og på reaksjonar til dei andre borna.
- Hugs at sorg er ein langvarig prosess.

NÅR ANDRE SOM STÅR BARNET NÆR DØYR

- Viss foreldra og barnet kjem i barnehagen straks etter dødsfallet, er det viktig å bruke tid til samtale med foreldra og barnet.
- Barnehagen får informasjon om det som har hendt, og om korleis barnet har reagert.
- Viss foreldra / barnet ikkje kjem i barnehagen, tek barnehagen kontakt med heimen.
- Barnehagen tek initiativ til å gje hjelp og støtte til barnet, i nært samarbeid med heimen.
- Det er viktig at barnehagen ikkje er påtrengande, men ventar på initiativ og signal frå barnet.
- Barnet kan kome til å trenge tid og hjelp frå dei vaksne til å arbeide med det som har hendt, både gjennom samtale og leik. Ikkje gje barnet ei sorg det ikkje opplever.

PERSONALET

NÅR EIN I PERSONALGRUPPA BLIR ALVORLEG SJUK

- Styrar informerer heile personalgruppa om sjukdommen etter avtale med den sjuke eller næraste pårørande.
- Foreldre / barn får den informasjonen som den tilsette sjølv ynskjer å gje ut.
- Styrar, ev. kommunalsjef / personalet tek kontakt med den tilsette det gjeld ev. heimen, t.d. ved å ringe, sender blomar, gå på besøk, i tråd med personalpolitiske retningsliner.
- Styrar skal ha ansvar for å halde kontakten med den det gjeld framover.
- Dersom styrar er den som er sjuk, må stadfortredar ta ansvar.
- Tilsette i barnehagen må vere merksame på reaksjonar og spørsmål frå barna.

NÅR EIN I PERSONALGRUPPA DØYR

DEN FØRSTE FASEN

- Den som fyrst får melding, varslar styrar straks.
- Styrar syter for at personalet blir varsla så snart som råd.
- Styrar syter for at kommunalsjef blir informert. Det blir avtalt kven som skal gjere kva.
- Styrar og kommunalsjef tek kontakt med dei etterlatne for å vise deltaking, og for å få ytterlegare informasjon om kva som har hendt.

DEN ANDRE FASEN

- Foreldra får ein kort, skriftleg informasjon om det som har hendt.
- Personalet informerer barna i samarbeid med foreldra.
- Barnehagen vurderar saman med dei næraste pårørande om det skal vere ei minnemarkering i barnehagen.
- Dei frå personalet som ønskjer å delta i gravferda, bør få høve til dette.
- Viss barna skal delta, må dei gå i fylgje med foreldra.
- Personalet skal vere merksame på barn som har hatt nær kontakt med den døde.
- Styrar og kommunalsjef er ansvarlege for vidare oppfylgjing av personalet.

NÅR DET ER ALVORLEG SJUKDOM I NÆRASTE FAMILIE TIL EIN AV PERSONALET

- Kommunalsjef / styrar, ev. andre i personalet tek kontakt med den tilsette.
- Kommunalsjef / styrar fylgjer opp den tilsette det gjeld, telefonkontakt, hugse å sende invitasjonar, gje informasjon om spesielle arrangement, og liknande.
- Kommunalsjef / styrar bør legge til rette for at den som er råka av sjukdom i familien, og som ynskjer å vere i arbeid, får høve til det.
- Styraren bør gje nødvendig informasjon til personalgruppa etter avtale med den tilsette det gjeld.

NÅR EIN I PERSONALGRUPPA MISTAR EIN AV SINE NÆRASTE

DEN FØRSTE FASEN

- Styrar / kommunalsjef tek kontakt.
- Styrar / kommunalsjef informerer dei andre tilsette om dødsfallet.
- Styrar / kommunalsjef sender blomar og / eller besøker heimen.

DEN ANDRE FASEN

- Viss det er behov for det, kan personalet snakke med barna om kva som er hendt etter avtale med den tilsette og foreldra.
- Styrar / kommunalsjef fylgjer opp den tilsette.
- Den tilsette vil trenge tid til sorgarbeidet.
- I samarbeid med den tilsette avklarar barnehagen korleis arbeidsplassen kan tilretteleggje for arbeidstakaren når han/ho kjem attende til arbeidet.

FORSIKRINGSORDNINGAR

BARNEULYKKE.

Forsikringsselskap: Protector Forsikring

Gjelder frå: 01.01.10

Forsikringsnummer: 19782

Frå Protector Forsikring sine dokument:

For en fullstendig oversikt over vilkårene, henvises det til forsikringsavtalen.

Hvem forsikringen omfatter

Forsikringen omfatter

- barn i kommunale skoler og skolefritidsordning
- lærlinger og lære kandidater
- barn i kommunale barnehager
- elever ved den kommunale kulturskolen
- fosterbarn
- barn i besøkshjem

Når og hvor forsikringen gjelder

Forsikringen gjelder innenfor skolens/barnehagens område og naturlige nærområder under ordinær skole-/barnehagetid.

Videre gjelder forsikringen når elevene/barna, under skolens/barnehagens ledelse, deltar i undervisning, leker, ekskursjoner, reiser, stevner og lignende. Forsikringen gjelder også på direkte vei til og fra skolen/barnehagen.

For internatskoleelever gjelder forsikringen hele døgnet i den tid eleven oppholder seg ved skolen, samt på direkte reise til/fra internatskolen i forbindelse med ferie og lignende.

For elever som av skolen i kortere eller lengre tid er utplassert i næringslivet, gjelder ulykkesforsikringen også under opphold på utplasseringsstedet i ordinær arbeidstid samt på direkte vei til/fra dette.

For barn i fosterhjem/besøkshjem gjelder forsikringen også i fritiden.

Hva forsikringen dekker

Erstatning gis ved ulykkesskader som fører til varig medisinsk invaliditet, dødsfall eller som medfører behandlingsutgifter.

Det finnes noen begrensninger i retten til erstatning. Disse omtales i forsikringsvilkårets pkt. 7.

Forsikringssummer

Barn i skole, SFO, barnehage, kulturskole og lærlinger:

- Medisinsk invaliditet (invaliditetsgrad 70% eller mer): 5 G

Ved lavere invaliditetsgrad reduseres erstatningen forholdsmessig.

- Dødsfall: 1 G

- Behandlingsutgifter: i inntil 3 år begrenset til kr. 50 000,-.

Fosterbarn:

- Medisinsk invaliditet (invaliditetsgrad 70% eller mer): 15 G

Ved lavere invaliditetsgrad reduseres erstatningen forholdsmessig.

- Dødsfall: 1 G

- Behandlingsutgifter: i inntil 3 år begrenset til kr. 50 000,-.

Barn i besøkshjem og barn med fritidskontakt:

- Medisinsk invaliditet (invaliditetsgrad 70% eller mer): 10 G

Ved lavere invaliditetsgrad reduseres erstatningen forholdsmessig.

- Dødsfall: 1 G

- Behandlingsutgifter: i inntil 3 år begrenset til kr. 50 000,-.

Egenandel

Egenandelen ved behandlingsutgifter er kr. 500,-.

Sikkerhetsforskrifter

I forsikringsavtalen er det inntatt ulike sikkerhetsforskrifter. Hvis man ved handling eller unnlattelse forsømmer å overholde eller påse at en sikkerhetsforskrift overholdes, kan retten til erstatning helt eller delvis falle bort, jfr. Forsikringsavtaleloven § 4-8.

YRKESKADE OG YRKESJUKDOM PERSONALET

Forsikringsselskap: Protector

Gjelder fra: 01.01.10

For en fullstendig oversikt over vilkårene, henvises det til forsikringsavtalen.

- Yrkesskadeforsikringen dekker arbeidsgivers forpliktelser både etter fellesbestemmelsenes § 11 i Hovedtariffavtalen for den kommunale sektor samt etter Lov om yrkesskadeforsikring.
- De ansatte vil enten få erstatning etter Hovedtariffavtalen eller etter Loven, avhengig av hvilke regler som gir høyest erstatning.

Hovedtariffavtalen Hvem forsikringen omfatter

Alle arbeidstakere som omfattes av fellesbestemmelsene i Hovedtariffavtalen.

Når forsikringen gjelder

Forsikringen gjelder i arbeidstiden, ved ulykke på direkte reise mellom hjem og arbeidssted og på tjenestereiser.

For at en ulykke eller sykdom inntruffet i arbeidstiden skal gi rett til erstatning, må den være godkjent av trygdeetaten som yrkesskade/yrkessykdom.

Forsikringssummer

Ved 100 % ervervsuførhet utgjør erstatningsbeløpet 15 G. Ved lavere uføregrad reduseres erstatningen forholdsmessig.

Ved varig medisinsk invaliditet på minst 15 % ytes følgende menerstatning:

- 15-29% medisinsk invaliditet: 1 G
- 30-70% medisinsk invaliditet: 2G
- over 70% medisinsk invaliditet: 3G

Ved dødsfall som følge av yrkesskade/-sykdom utgjør erstatningsbeløpet 15 G.

Den samlede erstatning til etterlatte etter Hovedtariffavtalens bestemmelser §10 og §11 kan ikke overstige 18 G.

Ved dødsfall utbetales erstatningen i denne rekkefølge:

- a. Ektefelle eller registrert partner etter Partnerskapsloven
- b. Samboer

- c. Barn under 25 år. Barna skal ha minst 40 % av erstatningen selv om det finnes ektefelle/samboer.
- d. Andre som for en vesentlig del ble forsørget av den forsikrede.

G = Folketrygdens grunnbeløp som pr. 01.05.08 er kr.70.256,-.

Lov om yrkesskedeforsikring Hvem forsikringen omfatter

Enhver som gjør arbeid for eller utfører verv i kommunens tjeneste, herunder ombudsmenn, lærlinger, praktikanter og sysselsatte gjennom ulike arbeidsmarkedstiltak.

Hva forsikringen omfatter

Forsikringen dekker ulykke og sykdom som arbeidstakere påføres i arbeid på arbeidsstedet i arbeidstiden.

For at en ulykke eller sykdom skal gi rett til erstatning, må den være godkjent av trygdeataten som yrkesskade/yrkessykdom.

Forsikringssummer

Ved 100 % ervervsuførhet utgjør grunnerstatningsbeløpet 22 - 30 G. Ved lavere uføregrad reduseres erstatningen forholdsmessig. Erstatningens størrelse er avhengig av arbeidstakers inntekt og alder. Det gis tillegg for personer under 45 år og personer over 46 år får en reduksjon i erstatningen.

Ved varig medisinsk invaliditet på minst 15 %, ytes det en ménerstatning på inntil 4,5 G. Det gis tillegg for personer under 45 år og personer over 46 år får en reduksjon i erstatningen.

Ved dødsfall som følge av arbeidsulykke/-sykdom utgjør erstatningsbeløpet til ektefelle/ samboer 15 G. Erstatningen reduseres med 5 % for hvert år den forsikrede er over 46 år, likevel ikke mer enn med 80 %.

Det utbetales barnetillegg til etterlatte barn under 20 år. Erstatningen er mellom 6,5 G og 1 G, avhengig av barnets alder ved den forsikredes død. Dersom den avdøde var eneforsørger, blir det utbetalt dobbelt barnetillegg.

Dessuten utbetales 0,5 G til dekning av begravelserutgifter.

I tillegg til de erstatningene som er omtalt foran, vil det etter Lov om yrkesskedeforsikring også kunne ytes erstatning for:

- tapt inntekt frem til oppgjørsgdato
- påførte merutgifter som f.eks. behandlingsutgifter, medisiner o.l. fram til oppgjørsgdato

- påregnelige fremtidige merutgifter som skyldes ulykken/sykdommen

Vær oppmerksom på det ikke gis erstatning både etter Hovedtariffavtalen og etter Lov om yrkesskedeforsikring for samme ulykkes-/sykdomstilfelle. Skadelidte får derimot erstatning etter de regler som gir høyest utbetaling.

G = Folketrygdens grunnbeløp som pr. 01.05.10 er kr.75.641,-

GRUPPELIV

Forsikringselskap: Protector Forsikring

Gjelder fra: 01.01.2010

For en fullstendig oversikt over vilkårene, henvises det til forsikringsavtalen.

Gruppelivsforsikringen dekker arbeidsgivers ansvar etter fellesbestemmelsenes § 10 i Hovedtariffavtalen for den kommunale sektor.

Hvem forsikringen omfatter

Alle arbeidstakere som omfattes av fellesbestemmelsene i Hovedtariffavtalen, herunder arbeidstakere som går på attføring og uførepensjonister, er dekket av forsikringen.

Utover Hovedtariffavtalens bestemmelser omfatter forsikringen også

- ansatte i ulønnet permisjon i inntil 12 måneder, med mindre vedkommende er ansatt hos annen arbeidsgiver
- ansatte som har permisjon utover 12 måneder pga. militærtjeneste eller siviltjeneste.
- folkevalgte som er medlem av pensjonsordningen for kommunale ombudsmenn.

Hvor forsikringen gjelder

Forsikringen gjelder hele døgnet i hele verden.

Forsikringssummer

Gruppelivsforsikring er en ren dødsrisikoforsikring. Erstatning utbetales til de etterlatte når den forsikrede dør, uansett om dødsfallet skjer i eller utenfor arbeidstid.

Full erstatning i.h.t. fellesbestemmelsenes § 10 utgjør 10 G.

Etter fylte 51 år nedtrappes erstatningen med 0,5 G pr. år. Fra og med fylte 60 år utgjør erstatningen 5 G.

Erstatningen fastsettes slik:

Under	51 år	10 G		56 år	7,0 G
	51 år	9,5 G		57 år	6,5 G
	52 år	9,0 G		58 år	6,0 G
	53 år	8,5 G		59 år	5,5 G
	54 år	8,0 G	Over	59 år	5,0 G
	55 år	7,5 G			

Lærlinger er dekket med halve ytelser.

Hvem forsikringen utbetales til

Erstatningen utbetales i denne rekkefølge:

- a. Ektefelle eller registrert partner etter partnerskapsloven
- b. Samboer. Som samboer regnes person som har felles bopel og felles barn med arbeidstakeren, eller som kan dokumentere at samboerforholdet har bestått de siste 2 år. Dette gjelder ikke dersom det på tidspunktet forsikringstilfellet inntrådte, forelå forhold som var til hinder for at lovlig ekteskap kunne inngås.
- c. Barn under 25 år. Barna skal ha utbetalt minst 40 % av erstatningen selv om det finnes ektefelle samboer.
- d. Andre personer som for en vesentlig del ble forsørget av den forsikrede.

Hvis det ikke finnes etterlatte som nevnt ovenfor, utbetales 2 G til dødsboet.

G = Folketrygdens grunnbeløp som pr. 01.05.10 er kr.75.641,-.

VIKTIGE TELEFONNUMMER

Alarmsentralen	Brann	111
	Politi	112
	Ambulanse	113
Kommunalsjef	Ronde Schade	tlf. kontor 35 06 51 05
		tlf. mob. 41 32 89 29
Pedagogisk konsulent	Tone Bøhn	tlf. kontor 35 06 51 22
		tlf. mob.: 45 63 24 88
Kommunelege 1	Elisabeth Swensen	tlf. kontor 35 06 52 50
		tlf. mob. 95 92 99 05
Prest	Dag Harald Undheim	tlf. kontor 48 08 57 54 mob. 90 77 89 21
Ungdomsprest	Petter Jakobsen	mob. 90 95 14 09
Lensmann	Else Eilfstjønn	tlf. kontor 35 05 01 00
Legesenter		Tlf. 35 06 52 50
Legevaktsentralen		Tlf. 35 05 00 05
Vest-Telemark pedagogisk–psykologisk teneste, PPT		Tlf.35 05 31 22
Leiar av kriseteamet	Gunn Marit Sandsdalen Lind	mob. 40 91 35 60

LITTERATUR, SONGAR, FILM

Revidert 2011

BILETBØKER

Egger, Bettina	Marianne tenker på bestemor	1987
Gjersum, Sissel	Bellas reise	1995
Gydal, Monica	Slik var det da Olas farfar døde	1990
Johnsen, Arnstein N.	En annerledes dag	1988
Kaldhol og Øyen	Farvel Rune	1986
Klyve, Odveig	Papirfly	1995
Mellonie, Bryan	Beg. og avslutn. med livet imellom	1997
Moen, Torhild	God natt da, mormor	1991
Nystrom, Carolyn	Ellen tar farvel	1991
Olsen og Øfsti	Klart det	1988
Wahl, Mats	Farfars Lajka	1989
Dahle, Gro	Roy	2008
Grossmann, Kari	Lillesøster og Mimmi	2007
Kaldhol, Marit	Farvel, Rune	
Nilsson, Ulf	Alle døde små dyr	2006
Nilsson, Ulf	Farvel, herr Muffin	2003
Thorhallsdottir, Bjørg	Pappen min bor i himmelen	2009
Velthuijs, Max	Frosken og fugelsongen	2010
Aasmundtveit, Anne Kristin	Gule roser til pappa	2006

BARNEBØKER

Abrahamsen, Aase Fo	Det var ikke min skyld	1990
Ingebrigtsen, Dagfinn	Beate og bestefar	1992
Kaldhol, Marit	Og låste med ein hengelås	1991
Lindgren, Astrid	Brødrene Løvehjerte	1997
Lorentzen, Karin	Stine Stankelbein	1990
Nordby, Marit	Den gangen far ikke var død	1990
Røsth, Gro	Johanne og hemmeligheten i Paris	1994
Skeie, Eyvind	Sommerlandet – en fortelling om håp	1985
Stokke, Linn	Trollet Trym og den hemmelige farveien	1994
Jotun, Greta L.	Lillesøster Siv	1990
Rygg, Eli	Hvor gammel blir en bølge?	2000
Henmo, Sverre	Når dinosaurer gråter	2003
Kommedal, Hilde Ringen	Tror du pappa gråte?	2008
Lindgren, Astrid	Brødrene Løvehjerte	
Stokke, Linn	Trollet Trym og den hemmelige farven	2006

VAKSENLITTERATUR

Bøhle, Solveig	Noen blir tilbake	1993
Danbolt, Lars J.	Sammen i sorgens landskap	1990
Dyregrov, Atle	Sorg hos barn	1991

Dyrgrov, Atle	Sorg og omsorg i skolen	1994
Edvardson, Gudrun	Barn i sorg, barn i krise	1987
Ekvik, Steinar	Tårer uten stemme	1996
Glimsdal, A.K. m.fl.	Når døden rammer	1990
Hansen, Hans R.	Sorg og savn - et felles ansvar	1992
Jacobsen, Anne	Kan man dø om natten	1998
Jewett, Claudia	Når barn sørger	1985
Johnson, Arnstein N.	Barn sørger	1995
Komp, Diane M	Et vindu mot himmelen	1995
Meiling, Agnar	Dei tapte relasj.–barn etter fars sjølmord	1993
Paterson, Katherine	Alene på den andre siden	
Ropstad, Helge	Elever i vanskelige livssituasjoner	1998
Simonnes, Asbjørn	Møte med barn i sorg og krise	1995
Dyregrov, Atle	Hva skjer når vi dør? Å snakke med barn om døden.	2010
Dyregrov, Atle	Sorg hos barn: en håndbok for vaksne	2006
Dyregrov, Atle	Å ta avskjed: ritualer som hjelper barn gjennom sorg.	2010
Ekvik, Steinar	Tårer uten stemme. Når barn er blant dem som sørger.	2010
Wirgenes, Paul Erik	Vil du trøste meg, Gud? Barn og sorg	2000
Øvrebø, Turid	Sorg hos barn og unge.	2000
Mundy, Michaelene	Det er lov å være lei seg. - En liten hjelpebok for barn som sørger	2001

FILM

Bare skyer beveger stjernene

SONGAR

«Tussa danser» frå Jul i Blåfjell (NRK).

VIKTIGE LENKER

Senter for krisepsykologi: www.krisepsyk.no

RVTS Sør: sor.rvts.no/

HelseNorge: helsenorge.no/Sider/sorg-og-sorgreaksjoner-hos-barn-og-ungdom.aspx

Utdanningsdirektoratet, UDIR, Veiledere for krisehåndtering i skolen:
www.udir.no/Laringsmiljo/Beredskap-og-krisehandtering/Veiledere-for-beredskap-og-krisehandtering-i-skolen/

Udir arbeider med rettleiar for barnehagane, tilsvarende Veileder for krisehåndtering i skolen

Vi som har et barn for lite: www.etbarnforlite.no

Landsforeningen for etterlatte etter selvmord: www.levenorge.no
Kreftforeningen: www.kreftforeningen.no

Landsforeningen for uventet barnedød: www.lub.no

Foreningen for hjertesyke barn: www.ffhb.no

Psykososial oppfølging etter kriser og katastrofer: www.kriser.no

Barneombudet: www.barneombudet.no

Den Norske Kirke: www.kirken.no

Human- Etisk Forbund: www.human.no

Seljord kommune/Beredskap: www.seljord.kommune.no/nb-NO/Tenester/Tenestekatalog/Beredskap.aspx

Pirion: Om barn som sørger:
www.pirion.info/index.php?option=com_content&view=article&id=137:a-mote-sorga-med-estetikk&catid=34:artiklar&Itemid=27